



Arild Aase
Åse 35
5916 ISDALSTØ

Referanser:
Dykkar:
Vår: 21/7466 - 22/97642

Saksbehandlar:
Tone Furustøl
tone.furustol@alver.kommune.no

Dato:
22.12.2022

Stadfestar mottatt klage og vurdering av utsatt iverksetting - gbnr 185/1 Isdal

Tiltak:

Byggjestad: Gbnr: /

Tiltakshavar:

Ansvarleg søkjar:

Vi stadfestar å ha motteke dykkar klage og vedlegg i form av bilete den 09.11.2022 på vedtak om løyve til bygging av landbruksveg (endrings- og tilleggssøknad) på gbnr 185/1 m.fl. Isdalvegen i Alver med saknr. 22/76127, datert 06.10.2022. Det er framsett to klager på dette vedtaket. Det er dykkar klage og klage frå Naturvernforbundet Nordhordland.

Dykkar hovdebekymring er avrenning frå landbruksvegen, som etter dykkar syn, forureinar drikkevatnet Langavatnet. Langavatnet er drikkevatnet til bebuarane på Aase. Avdeling Landbruk, Miljø og tilsyn, Miljørettet Helsevern har vore involvert i saka.

Hovedtraseen for landbruksvegen vart godkjent den 28.03.2019. Endringsløyvet av 06.10.2022 gjeld ei mindre justering av traseen, som vart handsama i 2019, med tillegg av tre sidearmar til denne veggen og ei forlenging.

Heimel for vedtaket av 06.10.2022 er forskrift om planlegging og godkjenning av landbruksveier av 2015 og naturmangfaldlova av 2009.

Endringsløyvet av 06.10.2022 tilhøyrrer sak 21/7466 i Alver kommune. Opprinneleg løyve av 28.03.2019 tilhøyrrer sak 18/3696 i Lindås kommune.

Link til sak 21/7466, sjå [her](#). Innsyn i saka frå 18/3696, sjå [her](#).

Vedlagt vårt skriv av 22.12.2022 følgjer:

1. Klage og vedlegg i form av bilete frå Arild Aase av 09.11.2022, der hovdebekymringa er avrenning frå landbruksvegen, som etter klagars syn, forureinar drikkevatnet Langavatnet. Langavatnet er drikkevatnet til bebuaranepå Aase. Avdeling Landbruk, Miljø og tilsyn, Miljørettet Helsevern har vore involvert i saka.
2. Løyve til bygging av landbruksveg (endrings- og tilleggssøknad) på gbnr 185/1 m.fl. Isdalvegen i Alver av 06.10.2022.
3. Svar på søknad om tildekking av vegskråning på skogsveg – gbnr 185/1 m.fl. Isdal av 11.11.2021 (vedlegg til løyvet av 06.10.2022)
4. Svar på søknad om bygging av Isdalvegen gbnr 185/1-7 (opprinneleg vedtak) av 28.03.2019 i sak 18/3696 frå Lindås kommune.
5. Situasjonsskart av 29.11.2018 som tilhøyrrer Svar på søknad om bygging av Isdalvegen gbnr 185/1-7 (opprinneleg vedtak) av 28.03.2019 i sak 18/3696 frå Lindås kommune.
6. Forskrift om planlegging og godkjenning av landbruksveier.
7. Naturmangfaldlova.
8. Klagen frå Naturvernforbundet Nordhordland(som orientering)
9. Stadfestar mottatt klage og vurdering av utsatt iverksetting – gbnr 185/1 Isdal av 18.10.2022 til Naturvernforbundet Nordhordland.

Klagerett

Landbruksvegforskrifta skal sikre at planlegging og bygging av landbruksvegar skjer på ein måte som gjev best moglege heilskapelege løysingar. Samstundes skal det leggjast vekt på omsynet til miljøverdiar som naturmangfald, landskap, kulturminne og friluftsliv, omsynet til fare for flaum, erosjon og lausmasseskred og endeleg andre interesser som vert råka av vegframføringa, jf. føremålsbestemmelse §1-1. Naturmangfaldlova sitt føremål er at naturen med dens biologiske, landskapsmessige og geologiske mangfald og økologiske prosesser tas vare på ved berekraftig bruk og vern, også slik at den gir grunnlag for menneskenes virksomheit, kultur, helse og trivsel, nå og i framtida, også som grunnlag for samisk kultur, jf. føremålsbestemmelse §1.

Nabo og grunneigar, Aril Aase, er part i saka og har klagerett, jf. forskrift om planlegging og godkjenning av landbruksveier §4-1 første ledd og forvaltningsloven (fvl.) §§28 og 2 bokstav b).

Klagefrist

Klagefristen er tre veker frå det tidspunktet underretning om vedtaket har komme frem til parten, eller frå det tidspunktet parten fekk eller burde ha fått kjennskap til vedtaket, jf. forvaltningsloven (fvl.) § 29.

Vedtaket om løyve til bygging av landbruksveg (endrings- og tilleggssøknad) på gbnr 185/1 m.fl. Isdalvegen i Alver med saknr. 22/76127, datert 06.10.2022 er sendt ut via vår SvarUt teneste same dag. Klagars e-post er mottatt av kommunen den 09.11.2022.

Fristen for å klage er 3 veker frå det tidspunkt du vart underretta om vedtaket. Kommunen legg til grunn at du den 06.10.2022 via vår SvarUt teneste vart underretta om vedtaket. Det er tidspunktet for utsending av vedtaket som vert lagt til grunn og ikkje når vedtaket vert lest av klagar. Med mottatt klage den 09.11.2022 er klagefristen på 3 veker, den 27.10.2022, utløpt. Klagefristen er overskriden. Klagen er ikkje rettidig (ikkje sendt kommunen innan rett tid).

Oppreisning for oversitta klagefrist

Det følgjer av fvl § 31 at «selv om klageren har oversittet klagefristen, kan klagen tas under behandling såfram

- a) parten eller hans fullmektig ikke kan lastes for å ha oversittet fristen eller for å ha drøyd med klage etterpå, eller
- b) det av særlige grunner er rimelig at klagen blir prøvd.»

Om oppreisning skal gis (klagen tas til handsaming), så er dette basert på ein konkret heilskapleg skjønnsmessig vurdering med ein avveining av dei omsyn som gjer seg gjeldande i saka, se forarbeider til fvl., Ot.prp.nr.3 (1976-1977).

Forvaltningsloven § 31 første ledd bokstav b opnar for å ta en klage under behandling når det ligg føre («særlige grunner») som gjer det «rimelig at klagen blir prøvd». Det fremgår av bestemmelsen annet ledd at det ved vurderinga av om en klage skal tas under behandling, skal leggst vekt på «om endringen av vedtaket kan medføre skade eller ulempe for andre». Forarbeida er tydelege på at dette momentet er eit av fleire i den heilskapleg skjønnsmessige vurderinga som skal gjerast. I juridisk litteratur er det lagt til grunn at fleire forhold kan være relevante for adgangen til oppreisning, og at det må foretas en konkret vurdering av omstenda i den enkelte sak, sjå Woxholth, Forvaltningsloven med kommentarar (5. utg. 2011) s. 536.

I uttale frå Sivilombudet (SOMB 2014/964) vert oppreisning av oversitta klagefrist drøfta. Utgangspunktet til forvaltningsloven § 31 første ledd bokstav b er at klagaren kan lastast for fristoversittinga. Det skal difor normalt ikkje vere kurant å få oppreisning.

Det er ikkje tvilsamt at dykk er underretta og gjort kjent med vedtaket den 06.10.2022. Det skal difor mykje til for å anse at særlege grunnar ligg føre i dykkar sak. Til dette kommer det at tiltakshavar er gitt eit positivt løyve og har innretta seg etter vedtaket. Ei endring vil kunne vere til skade eller ulempe for tiltakshavar. Det skal vektleggast i den heilskaplege skjønnsmessige vurderinga om eit endra vedtak kan medføre «skade eller ulempe» for tiltakshavar.

Imidlertid er det påberopt forureina drikkevatt som følgje av avrenning frå landbruksvegen. Reint drikkevatt er av stor betydning for den enkelte grunneigar og den enkelte innbyggjar. Til samanlikning, så er reint vatn eit av grunnkrava ved byggjeløyve til bygning, oppretting eller endring av eigedom etter plan- og bygningslova (pbl.) §27-1. Utan hygienisk betryggande kan det ikkje gis løyve til bygning, oppretting eller endring av eigedom. Det er difor av stor betydning for klagar å få vurdert klagen.

Samtidig så kan ein eventuell endring av vedtaket medføre «skade eller ulempe» for tiltakshavar. Det vert her vist til at i tillegg til dykkar klage, så ligg det føre rettidig klage på vedtaket av 06.10.2022 frå Naturvernforbundet Nordhordland. Dei viser til miljø- og naturvern som treng rettsleg vern. Reint vatn, på lik linje som rein luft og rein jord, er ein naturleg del av miljø- og naturvern. Då reint drikkevatt er av stor betydning for den enkelte grunneigar og den enkelte innbyggjar, så vert dette avgjerande for å tillate klagen fremja.

Det gis på denne bakgrunn oppreisning for oversitta klagefrist.

Vidare sakshandsaming

Sakshandsamingsfristen for klage er 8 veker. Der det er gjeve utsett iverksetting av vedtak er fristen 6 veker. Kommune har dessverre restanse på klager.

Før kommunen førebur saka vert klagen sendt til partane med frist for innsending av kommentarar.

Klagen kan føre til at vedtaket vert endra av administrasjonen. Det nye vedtaket er då eit nytt enkeltvedtak som det er klagerett på.

Dersom administrasjonen opprettheld vedtaket, vert klagen handsama av Utvalet for areal, plan og miljø i politisk møte. Meir informasjon om politiske møte ligg på kommunen si heimeside.

Handsaminga i utvalet for areal, plan og miljø kan føre til at vedtaket vert endra. Vedtaket er då eit nytt enkeltvedtak som det er klagerett på. Vert administrasjonen sitt vedtak oppretthalde av utvalet, vert klagen sendt til Statsforvaltaren i Vestland for endeleg avgjerd.

Vurdering av utsett iverksetting av vedtak

I mottatt klage er det ikkje påberopt eksplisitt et krav om utsatt iverksetting. Sidan det er spørsmål om forureining til drikkevatt, så finn kommunen det naudsynt å ta opp dette spørsmålet av eige initiativ. Det er her eit spørsmål om utsett iverksetting (arbeidet vert midlertidig stansa fram til endeleg avgjerd i klagesaka) av delegert vedtak om løyve til bygging av landbruksveg (endrings- og tilleggssøknad) på gbnr 185/1 m.fl. Isdalvegen i Alver av 06.10.2022. Spørsmålet om utsett iverksetting vert handsama uavhengig av sjølve klagehandsaminga.

Utgangspunktet er at vedtak i saker om landbruksvegar kan setjast i verk straks dei er vedtekne og gjort kjend for partane. Når eit vedtak er klaga på, kan underinstansen fatte avgjerd om at eit vedtak ikkje skal setjast i verk før klagen er endeleg avgjort.

Avgjerda vert gjort ut i frå ei heilskaplege og konkret vurdering av klagen og av dei ulike interessene og tilhøva som gjeld sjølve saka. Det sentrale for avgjerda vil vere ei vurdering av dei fordelar og ulemper ei avgjerd om utsett iverksetting vil gje td. uoppretteleg skade eller tap for partane.

I vedtaket som er fatta den 06.10.2022 er det gitt endringsløyve til bygging av landbruksveg etter at opprinneleg løyve var gjeve den 28.03.2019. Det er ikkje krav til igangsettingsløyve (slik som i byggesaker) når det gjeld løyve etter forskrift om planlegging og godkjenning av landbruksveier, jf. naturmangfaldlova. Tiltakshavar kan igangsette etablering av landbruksvegen umiddelbart etter godkjent løyve.

Det er i klagen vist til at drikkevattnet er forureina som følgje av avrenning frå landbruksvegen. Klagar har vist til bilete av landbruksvegen og omkringliggende natur og bekk/vatn. Kommunen forstår klagar slik at det er det difor er naudsynt å stanse arbeidet

Kommunen ønskjer å vise til at landbruksvegen er omsøkt og godkjent. Størstedelen av vegen vart godkjent den 28.03.2019 og ei mindre endring godkjent den 06.10.2022.

Søkjjar har hatt god dialog med landbruksavdelinga i prosessen med bygging av denne landbruksvegen. Undervegs i arbeidet har mellom anna omsynet til å redusere avrenning til Langavatn gjort at søkjjar har endra traseen til det som landbruksavdelinga meiner er ei betre løysing både for avverking av skogen og for vassdraget. Det er i oktober godkjent ei mindre justering av traseen som vart handsama i 2019, i tillegg tre sidearmar til denne vegen og ei forlenging. Kommunen viser til at det har vore fleire synfaringar frå kommunen undervegs i anleggsarbeidet.

Det er kommunen sitt standpunkt at saka samla sett er så godt opplyst som mogleg, jf. forvaltningslova §17.

Vidare viser kommunen til at retten til å påbegynne arbeidet med hovedtraseen vart gjeve den 28.03.2019. Den mindre justeringa av traseen, som no utgjer endringsløyvet av 06.10.2022, fortsetter det opprinnelege løyvet som er gjeve til landbruksvegen. Veggen er no om lag ferdig. Det er ikkje nokon grunn til å krevje stans i arbeidet no då arbeidet med hovedtraseen er omsøkt og igangsett i tråd med gjeve løyve frå mars 2019 og den mindre endringa er omsøkt og godkjent i oktober 2022, der etableringa av landbruksvegen er ansett å ikkje utgjere nokon uoppretteleg skade for natur og miljø i tråd med prinsippa i naturmangfaldslova, jf. §§8-12, jf. §7.

Kommune vurderer at det ikkje er grunnlag for å gje utsett iverksetting av vedtaket om løyve til bygging av landbruksveg (endrings- og tilleggsøknad) på gbnr 185/1 m.fl. Isdalvegen i Alver inntil klagesaka er avgjort.

På denne bakgrunn vert det ikkje gjeve utsett iverksetting av vedtaket om løyve til bygging av landbruksveg (endrings- og tilleggsøknad) på gbnr 185/1 m.fl. Isdalvegen i Alver, datert 06.10.2022.

Denne avgjerda er ei prosessuell avgjerd og kan ikkje klagast på. Statsforvaltaren i Vestland kan på sjølvstendig grunnlag ta stilling til spørsmålet om utsett iverksetting i saka. Eventuelle førespurnadar om dette kan rettast direkte til Statsforvaltaren i Vestland.

Parter i saka vert gjeve kopi av noverande skriv med vedlegg.

Avsluttande merknad i høve ureining

Dykkar hovedbekymring er avrenning frå landbruksvegen, som etter dykkar syn, forureinar drikkevattnet Langavatnet. Langavatnet er drikkevattnet til bebuarane på Aase. Avdeling Landbruk, Miljø og tilsyn, Miljørettet Helsevern har vore involvert i saka.

Ved handsaminga av dykkar klage og klage frå Naturvernforbundet Nordhordland, så vert det undersøkt nærare kva status er i deira saker for å få oversikt over kommunen si handsaming i høve landbruksvegen.

Aktuelt regelverk

- Frist for handsaming av klage går fram av byggesaksforskrifta (SAK) § 7-1 første ledd bokstav c.
- Frist for handsaming av klage viss det er gitt utsatt iverksetting går fram av SAK § 7-1 første ledd bokstav f.
- Kommunen kan endre vedtaket på bakgrunn av klaga, jf. forvaltningslova (fvl) § 33.
- Utsett iverksetting av tiltak har grunnlag i fvl § 42.
- Krav om utsatt iverksetting skal vurderast med bakgrunn i Ombodsmannen si årsmelding av 1985 på s. 154.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Miljø og tilsyn

Eirik Berntsen
Avdelingsleiar

Tone Furustøl
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Vedlegg til klage - bilder

Klage vedtak 06.10.2022 den 02.11.2022 Arild Aase

Løyve til bygging av landbruksveg (endrings- og tilleggssøknad) på gbnr. 185/1 m.fl. Isdalsvegen i Alver

Svar på søknad om tildekking av vegskråning på skogsveg - gbnr 185/1 m.fl Isdal

Svar på søknad om bygging av Isdalvegen sak 18_3696 - gbnr 185_1-7

Kart - Svar på søknad om bygging av Isdalvegen - sak 18_3696 - gbnr 185_1-7

Forskrift om planlegging og godkjenning av landbruksveier

Lov om forvaltning av naturens mangfold (naturmangfoldloven)

Stadfestar mottatt klage og vurdering av utsatt iverksetting - gbnr 1851 Isdal

Krav om stans av arbeid med landbruksveg - gbnr 185/1 m.fl Isdal

Kopi til:

Arild Aase	Åse 35	5916	ISDALSTØ
Isdal Skog- Og Veglag Sa	c/o Hans Kristian Dolmen Isdal 85	5916	ISDALSTØ
Isdal Skog- Og Veglag Sa	c/o Hans Kristian Dolmen Isdal 85	5916	ISDALSTØ
Naturvernforbundet Nordhordland	c/o Jan Nordø Hoplandssjøen 74	5943	AUSTRHEIM
Naturvernforbundet Nordhordland	c/o Jan Nordø Hoplandssjøen 74	5943	Austrheim
Naturvernforbundet Nordhordland	c/o Jan Nordø Hoplandssjøen 74	5943	AUSTRHEIM
Vidar Ingebregtsen	Isdal 57	5916	ISDALSTØ
Vidar Ingebregtsen	Isdal 57	5916	ISDALSTØ

Mottakarar:

Arild Aase	Åse 35	5916	ISDALSTØ
------------	--------	------	----------